



Julehelsing 2012

Kjære medlemmar og støttespelarar !

Året 2012 nærmar seg slutten og det kan vera på sin plass med eit tilbakeblikk på korleis OSTER og Nordhordland Veteranbåtlag, NHVL, har hatt det i dette året.

Den største jobben under det siste vinteropplaget var oppussinga av spilebenkane på promenade- dekket. Eikespilene hadde blitt temmeleg svarte og det måtte eit storarbeid til, med tjukkelseshøvling på alle 4 kantane av dei 550 spilemetrane. Etterpå vart det smurt inn med 6 strøk lakk og benkane ser no ut som møbel.

Den første turen i år var heilt spesiell, då OSTER hadde fått i oppdrag å transportere den sjarmerande og populære ordføraren i Bergen, Trude Drevland, trygt inn Vågen, til opninga av det nye Torget. Dette vart ein uforgløymande tur for alle og sjølv vergudane gleda seg over synet av ordføraren som var ein ekte og levande gallionsfigur på baugen og vergudane sleppte likså godt ned nokre gledestårer då OSTER sakte dampa innover Vågen !

Torgdagen i år vart ein stor suksess, med eit strålende ver og OSTER fekk igjen liggja ved den gamle kaiplassen sin, Bryggen. Det fine veret gjorde at mange ville vera med til byen og OSTER hadde fullt passasjertal då han gjekk ifrå Hamre. Salhusfolket vart hjelpne av GRANVIN, som svinga innom kaien, då han kom i ruta frå Austrheim.

Det vart ein del blåturar før sommarferien og jonsokafta vart det tur frå Bergen, på ettermiddagen, til Lyngheisenteret. Der fekk passasjerane vera med på bålbrekking før returen til byen seint på kvelden. Dei tre etterfølgjande sundagane gjekk OSTER frå Bergen, gjennom Straumane eller Den Indre Farleia som det også heiter, til Lynghei- og Utvandarsentra. Dette er ein tur, som går i ei av dei finaste leiene her i landet vårt.

Etter sommarferien vart det arrangert Fjordsteam 2012 i Stavanger. Frå arrangementskomiteen vart det skrytt mykje av OSTER og skuta fekk heiders-kaiplassen innerst ved Strandkai. Det vart også ein fellestur for dei deltakande båtane til Lysefjorden og Preikestolen og OSTER vart fullsett med blide passasjerar.

Den årlege turen til Fensfjorden har utvikla seg frå å vera ein dagstur, tur/retur, til Kystsogedagen på Fonnes til å bli eit fleire dagars besøk i området. I år vart det oppdrag for OSTER både torsdag, fredag, laurdag og søndag. Tiltrass for eit skiftande ver desse dagane, så vart passasjerbelegget godt og gav ei god inntening til NHVL sin slunkne pengekasse.

I slutten av august vart det halde Oljemesse i Stavanger og OSTER vart hyra inn av det same firmaet for 5. gangen. Oppdraget vart også denne gongen vellukka både for leigetakaren og for OSTER.

Den 9. september vart 2012-seglings-sesongen avslutta med den tradisjonelle Modalsturen. Denne turen har blitt populær og OSTER hadde ekstra godt belegg ut frå Bergen i år og fekk fullt passasjertal etter kvart. Returen for dei som skal i retning Bergen skjedde også i år i samarbeid med BNR-Veteranbuss, med ein full buss frå Vikanes. Ombord på D/S OSTER vart det slått Vel i Maskina kl. 2028 og seglingssesongen 2012 var komen til endes.

2012-sesongen har vore ein god sesong, med turar som har gitt inntekter som trengst for å halda OSTER idrift. På utgiftssida har me sluppe utgifter til å dekkja skader på OSTER eller andre. Dette er takka vera den kompetente gjengen som gjer teneste som dugnads-mannskap ombord. Med eit slikt mannskap går OSTER ei lys framtid i møte.

Så vil eg ønskja dykk alle ei God Jul og riktig Godt Nyttår, med takk for året som har gått.

Vel møtt ombord i 2013 !

Med venleg helsing
Tor Johannes Bjørgaas
Leiar i Nordhordland Veteranbåtlag

